



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Eidfjord kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Teams,
<b>Dato:</b>	10.02.2022
<b>Tid:</b>	09:00 - 11:00

### Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Ove Tveit	Nestleder	UAVH
Anita Fredheim Limstrand	Medlem	UAVH
Kari Lægreid	Medlem	SP
Haldis Myrvang Rieber	Medlem	UAVH

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jostein Hovland	LEDER	AP

### Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Andre som møte:

Kjartan Haugsnes, Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune  
Elin Bye, Vestlandsrevisjon IKS  
Arne Gilbakken, Vestlandsrevisjon IKS

Jostein Hovland  
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	Godkjenningssaker		
GK 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/22	Godkjenning av møteprotokoll	033	
	Politiske saker		
PS 1/22	Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimrevisjonsrapport 2021	216	
PS 2/22	Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding	217	
PS 3/22	Årsmelding for kontrollutvalet 2021	004	
PS 4/22	Møteplan 2022	033	
PS 5/22	Eventuelt	219	
	Referat saker		
RS 1/22	SV: Frå kontrollutvalet	151	

## **GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **GK 2/22 Godkjenning av møteprotokoll**

### **Forslag til vedtak**

Protokoll frå møte 25.11.2021 vert godkjent.

### **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var lagt fram slik merknad i høve protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.11.2022

Frå Haldis Riber låg det føre slik merknad.

«Eg saknar i referatet spm ang dette med at personnummer ligg ute på innsyn. På dette var svaret frå rådmannen at personnummer ikkje skal ligge på innsyn (det har kommunen bestemt) men det er heller ikkje taushetsbelagte opplysningar. Det vart vidare spurt om dei det gjeld får opplyst frå kommunen at deira personnummer har vore offentleggjort på innsyn, men det visste han ikkje.»

Vestlandsrevisjon iKS hadde merknad til protokoll frå møte 25.11.2022 Der dei viste til at signal frå kontrollutvalet gjeldande forvaltningsrevisjon var at revisor måtte bruke den tida dei trong.  
(Merknad vart ikkje levert inn skriftleg)

**Vedtak:**

Protokoll frå møte 25.11.2021 vart godkjent med merknader

## **PS 1/22 Vestlandsrevisjon IKS presenterer interimrevisjonsrapport 2021**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2021 for Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

### **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Elin Bye frå Vestlandsrevisjon IKS presenterte interimrevisjonsrapporten og svara på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2021 for Eidfjord kommune frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

## **PS 2/22 Forvaltningsrevisjon kommunen si rolle i næringsutvikling, løypemelding**

### **Forslag til vedtak**

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt andre møte i 2022.

### **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Arne Gilbakken orienterte utvalet.

- Rapporten vart sendt Eidfjord kommune 11. januar 2022 med målsetting om at rapporten kunne handsamast i kontrollutvalet 10.02.22
- Revisjonen hadde høyringsmøte med rådmannen 18. januar 2022. Her kom det fram mellom anna feil i kostra - rapporteringa.
- Rådmann har rapportert at han treng meir tid til gjennomgang av rapporten. Revisjonen har bedd om at ein følg ei tidline som gjer det mogleg å handsame i møte 19. mai i kontrollutvalet.
- For at kontrollutvalet skal kunne handsame rapporten 19. mai må sekretariatet ha rapporten ferdig verifisert og med rådmannen sin høyringsuttale innan 2. mai 2022.

Møtet vart lukka etter kommunelova § 11-5 jfr. Offentleglova § 5  
- Revisjonen viste fram dokument knytt til "god forvaltningsskikk" som unnateke offentlegheit.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Informasjonen vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ønskjer at endeleg revisjonsrapport, ferdig verifisert og inkludert rådmannen sin uttale, kan handsamast i kontrollutvalet sitt andre møte i 2022.

## **PS 3/22 Årsmelding for kontrollutvalet 2021**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2021.

### **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke med ein merknad.

- Kulepunkt 4 i kapittel 3 vert teke bort.

**Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2021.

## **PS 4/22 Møteplan 2022**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2022:

## **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Forslag til vedtak vart vedteke med ei endring.

Møtet i oktober vert flytta frå 06. til 20.10.2022

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2022:

1. 10.02.2022
2. 19.05.2022
3. 20.10.2022
4. 01.12.2022

## **PS 5/22 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Ikkje framlagt

## **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Ingen saker meldt

### **Vedtak:**

Ingen saker meldt.

## **RS 1/22 SV: Frå kontrollutvalet**

## **Saksprotokoll 10.02.2022 - Eidfjord kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Referatsaka vart teken til orientering

**Vedtak:**

Referatsaka vart teken til orientering